
Saksnr: 2020/77154-102
Saksbehandlar: Lotte Karoline Lynngård

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne		09.06.2021
Fylkeseldrerådet		10.06.2021

Høyring: Regional vassforvaltningsplan 2022 - 2027 for Vestland vassregion

Forslag til vedtak

Rådet gir uttale til regional vassforvaltningsplan:

Samandrag

Regional vassforvaltningsplan for Vestland vassregion med tilhøyrande tiltaksprogram og handlingsprogram er nå ute på høyring og offentleg ettersyn. Vassforvaltningsplanen gir ei oversikt over miljøtilstanden i alt vatn og kva dei største miljøutfordringane er. Høyringsfrist er 30. juni 2021. Medverknadsorgana kan komme med innspel til planen.

Bertil Søfteland
seksjonssjef

Lotte Lynngård
rådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 PS 60 21 Saksframlegg - Høyringsutkast - Regional plan for vassforvaltning
- 2 Regional plan for vassforvaltning for Vestland vassregion 2022-2027 - Høyringsutgåve
- 3 Tiltaksprogram for Vestland vassregion 2022-2027 - Høyringutgåve
- 4 Handlingsprogram for Vestland vassregion 2022-2027 - Høyringsutgåve
- 5 Rettleiing til høyringsinnspel

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Regional vassforvaltningsplan for Vestland er nå ute på høyring. Planen er bygd opp i tre delar og alle tre er på høyring:

- Regional plan for vassforvaltning for Vestland vassregion 2022-2027
- Tiltaksprogram for Vestland vassregion 2022-2027
- Handlingsprogram for Vestland vassregion 2022-2027

Planen set miljømål for vassførekomstane, tiltaksprogrammet skisserer tiltak for å nå måla, og handlingsprogrammet koordinerer prosessen med å nå miljømåla. Alle tre dokumenta er vedlagt saka. Vedlagt er òg ei rettleiing for tips om kva tema dei særleg ønsker innspel om.

Frå høyringssida på vlfk.no går følgjande fram:

«Gjeldande regionale vassforvaltningsplanar for Hordaland og Sogn og Fjordane (2016-2021) vert no oppdatert for planperioden 2022-2027 til ein plan for Vestland vassregion.

Planen bygger på vassdirektivet til EU som vert gjennomført i heile Europa. I tråd med vassforskrifta set dei regionale vassforvaltningsplanane miljømål for alt vatn, både elvar, innsjøar, kystvann og grunnvatn. Miljømåla skal sikre eit heilskapleg vern og berekraftig bruk av vatnet og er skildra som miljøtilstanden som skal verte nådd i planperioden 2022-2027. Planane viser korleis miljøtilstanden er i dag og kva for tiltak som er nødvendig for å førebygge, forbetre eller rette opp att tilstanden der det er nødvendig.

Forslag til plandokument har vore jobba fram i samarbeid med kommunar, fylkeskommunar og statlege etatar. Plandokumenta vart godkjent av Vestland vassregionutval i møte 12.02.2021. Vestland fylkesutval vedtok å leggje planen ut på høyring og offentleg ettersyn 26.3.21 med høyringsfrist 30. juni 2021.»

For meir detaljert informasjon visast det til saksframlegget i fylkesutvalet i «PS 60/21Høyringsutkast - Regional plan for vassforvaltning med tilhøyrande tiltaksprogram og handlingsprogram 2022-2027 for Vestland vassregion», vedlagt.

Vedtakskompetanse

Medverknadsorgana kan gi uttale til regionale planar som angår dei, jf. Reglement for folkevalde organ og delegering, punkt 2 bokstav a.

Vurderingar og verknader

Økonomi: Ulike tiltak og verkemidlar.

Klima: Planen skal mellom anna arbeide med skadehendingar i vassdrag, betre leveområdet for vasslevande organismar.

Folkehelse: Berekraftig bruk av vassdrag bidreg til betre livsvilkår for biologisk mangfald og folk.

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi): Planen støtter opp mot FN sine berekraftsmål, og planen er i samsvar med utviklingsplanen.

Konklusjon

Rådet gir innspel til planen.